

Merknadsoppsummering frå 1. gongs høyring og offentleg ettersyn m/ kommentarar

Plan: Detaljregulering BU10 Nygårdstranda

Dato: 09.09.2025

| Merknad frå | Merknadens innhald | Kommunens kommentar |
|------------------------------------|---|---|
| Møre og Romsdal fylkeskommune (FK) | <p>Samferdsel</p> <ol style="list-style-type: none"> Ikkje sikra trygg framkomme for mjuke trafikantar frå planområdet til målpunkt som butikk, haldeplass og liknande. Viser til KU for arealdelen 2013-2025 der det står at gangveg til butikk bør vurderast i detaljplan som avbøtande tiltak for bustadområde BU10. Rår på det sterkeste at planområde blir utvida slik at turveg blir regulert heilt fram til butikken i nord. Rekkefølgjekrav til opparbeiding av turvegen med ein slik standard at vegen kan blir drifta på vinteren. <p>Automatisk freda kulturminne</p> <ol style="list-style-type: none"> Setter krav om arkeologisk registrering før endelig plan kan godkjennast. <p>Barn- og unge</p> <ol style="list-style-type: none"> Ikkje ei god løysing med berre ein leikeplass i bustadområdet. Bekken og avstand vil vere til hinder for dei minste borna busett i BF1 og BF2 for å komme seg dit på ein trygg måte. Samstundes ser FK at det er lagt opp til eit bustadfelt med store tomter. Ikkje optimal å legge snuhammar inntil ein leikeplass. Ein må sikre leikeplassen i høve skjeringar som ein snuplass krev. Rår til å legge den i enden av gata. <p>Vassforvaltning</p> | <p>Samferdsel</p> <ol style="list-style-type: none"> Sjå statsforvaltaren kommentar 2. <p>Automatisk freda kulturminne</p> <ol style="list-style-type: none"> Arkeologisk registrering gjennomført. <p>Barn- og unge</p> <ol style="list-style-type: none"> Sjå statsforvaltaren kommentar 3. Snuhammaren er flytta bort frå leikeplassen <p>Vassforvaltning</p> <ol style="list-style-type: none"> Statsforvaltaren har i si fråsegn kommentert at Raudåa er for bratt for å ha sjøaurebestand. |

| | | |
|---|---|---|
| | <p>5. Tiltak knytt til veg må utformast slik at det ikkje hindrar fisken si vandring, då dette vil vere i konflikt med miljømåla.</p> <p>Kantvegetasjon vil vere ei god sikring mot erosjon. Om det er behov for erosjonssikring utover dette bør meir miljøvennlege flaumforebyggings nyttast.</p> | |
| Statsforvaltaren i Møre og Romsdal (SFMR) | <p>Strandsone</p> <p>1. Stort utbyggingspress på strandsona i Hundeidvik. Kommunen bør ikkje bygge ned meir av strandsona før det er gjort ei tilstrekkeleg vurdering av kor ålmenta skal ha tilgang til strandsona i dette området. SFMR ser ikkje at planforslaget tek omsyn til natur og kulturmiljø, friluftsliv, landskap og andre allmenne interesser. SFMR bad om at det ikkje vart åpna for privatiserande tiltak i strandsona og at ein måtte sikre at ålmenta kan ferdast langs sjøkanten.</p> <p>Planforslaget legg ikkje til rette for areal for ålmenta nedanfor vegen. Utbygginga er spreidd over heile arealet og lite eller ingenting er igjen til ålmenta. Sjølv om føresegna seier at det ikkje er tillatt med privatiserande tiltak, vil denne utbygginga føre til nettopp det. Det betyr ikkje at heile arealet skal byggast ned sjølv om det er satt av til det i overordna plan. Noko areal må settast av til ålmenta.</p> <p>Nausta bør samlast i ein del av planområdet. Det er ikkje avklart kvar badebrygga skal vere. Det må settast av areal LNF eller grøntstruktur langs sjøen som sikrar allmen tilgang til sjø. Byggegrense mot sjø for naust. Byggegrense må sikre allmenn tilkomst foran nausta.</p> | <p>Strandsone</p> <p>1. Forslagsstillar ønskjer ikkje å lage eit samla naustområde som ligg heilt inntil kvarandre. Det foreslås heller å gruppere dei nye nausta to og to der naustformålet blir avgrensa til det som er naudsynt for sette opp nausta og ein regulerer friluftsområder mellom nausta. Dette vil gje ei meir forutsigbar plassering av nausta enn i opphavleg planforslag og ein sikrar områder i nedre strandsone som kan vere til ålmen bruk.</p> <p>Det leggast også inn ei byggegrense mot sjø som sikrar ein passasje ved strandkanten der det ikkje kan byggast naust. Det skal kunne etablerast stø frå naust nedanfor denne byggegrensa, men den kan ikkje etablerast slik at den hindrar ålmenta si bruk av strandsona.</p> <p>Statsforvaltaren trekte motsegna med brev 28.05.2025</p> <p>Barn og unge</p> <p>2. I planforslaget som ligg til godkjenning er ikkje traseen eller utstrekninga til denne gangvegen/turvegen endra frå 1.gongs høyring. Det er lagt inn at standarden på strekninga som blir opparbeida er høgare enn kva forslagsstillar la til grunn ved 1.gongs høyring. No er det lagt inn at vegen skal opparbeidast med grusa toppdekke i ei bredde på 1,6 meter fram til plangrensa.</p> |

| | | |
|--|---|---|
| | <p>MOTSEGN ikkje tatt omsyn til strandsoneinteresser.</p> <p>Barn og unge</p> <ol style="list-style-type: none"> 2. Samd med admin. i kommunen at stien som skal opparbeidast mellom leikeplassen og eksisterande traktorveg som går i retning butikkområdet bør få høgare standard. Viser til SVV si uttale og støtter denne. Kommunen bør legge til rette for løysing som gir gode gang- og sykkeltilhøve heile året og for alle. 3. Avstand frå ei nordlegaste bustadtomtene er lenger enn anbefalt. Samd i at ein større og felles leikeplass kan vere betre løysing i nokre planområde samanligna med mange små, men at dette føresett trygg tilkomst frå bueiningane til leikearealet. Må sikrast trygg tilkomst (gangveg), alternativt legge inn leikearal ved dei nordlegast tomtene i tillegg. <p>MOTSEGN til sikra trygg tilkomst til leikearealet er sikra for alle bustadane og rekkefølgekrav om opparbeiding av leikeareal som er knytt til alle bustadtomtene.</p> <p>Vassdrag</p> <ol style="list-style-type: none"> 4. I planforslaget er det planlagt gangfelt på oversida av hovudvegen. Det er ofte naturverdier knytt til slike vassdrag. Det burde vore kartlag om det er spesielle planter her. For å redusere skaden på bekken bør gangvegen byggst som bru. SFMR rår til at dette blir utgreidd og sikra i planen. 5. Byggegrense mot Raudåa for naust og fritidsbustader. | <p>Det er for området ovanfor spelt inn i den pågående kommuneplanprosessen å få dette som byggeområde. Ved ein framtidig regulering av dette området vurderer kommune at det vil vere naturleg å regulere ganglenka frå BU10 vidare oppover til gamlebutikken slik at denne blir sett i samanheng med korleis ein tenkjer resten av infrastrukturen her. Fram til dette så vil dette ligg som ein uregulert snarveg opp mot fylkesvegen.</p> <ol style="list-style-type: none"> 3. Kommunen har vist til ny formulering av leikeplasskrava som er i prosess med kommuneplanen der avstandskravet er endra frå 50 meter gangavstand til «innan kort gangavstand» og det står også at «store tomter med romslege hagar kan også vurderast som ein del av eigna areal for leik for dei minste borna». Formålet med siste sistnevnte er at ein kan etter konkret vurdering, vurdere om dei større private uteområda til for eksempel einebustadtomter kan kompensere for nærliek og tilgang til nærliekplass. Kommunen meina at dette kan anvendast for tomtene innanfor BF2. Det blir derfor ikkje satt rekkjefølgekrav til opparbeiding av fortau FO2. <p>Statsforvaltaren vurdera at dette ikke er ei optimal løysing for barn og unges interesser, og oppfordrar kommunen til å vurdere dette på nytt for å sikre alle barna trygg tilkomst til leikearealet.</p> <p>Statsforvaltaren trekk likevel motsegna i brev 28.05.2025.</p> <p>I politisk sluttbehandling får politikarane moglegheit til å vurdere om rekkjefølgekrav om trygg tilkomst til leikearealet skal inn i planen før eigengodkjenning.</p> <p>Vassdrag</p> |
|--|---|---|

| | | |
|------------------------|---|---|
| | <p>Forureining</p> <p>Avløp</p> <ul style="list-style-type: none"> 6. SFMR er usikker på om tettstaden Hundeidvik ligg over 1000 pe og ber kommunen gjer ei vurdering av dette, jf. NS 9426. Truleg ligg området under 1000 pe og vil såleis ikkje få krav om sekundærreinsing etter nytt avløpsdirektiv. 7. Det går ikkje fram av plandokumenta om området som er tenkt til kommunalteknisk anlegg er regulert til dette. Dei minner om at avløpsløysing må vere i tråd med forureiningsforskrifta og plan- og bygningslova § 27-2 og at kommunen er ansvarleg mynde. 8. Dei gjer merksam på lov om kommunale vass- og avløpsanlegg § 1 kommunalt eigarskap til vass og avløpsanlegg, der det står at nye vass og avløpsanlegg skal vere eigmeld av kommunen. | <ul style="list-style-type: none"> 4. Slik kommunen vurdera det så er ikkje vegetasjonen nær bruа over Raudåna av ein slik karakter at det bør utløyse ei kartlegging av naturverdier der gangvegen skal ligge. 5. Det er lagt inn byggegrense mot Raudåa for fritidsbustader. Naustområdet er betre definert og er trekt bort ifrå Raudåa. <p>Forureining</p> <p>Avløp</p> <ul style="list-style-type: none"> 6. Sykkylven energi opplyser at pe i Hundeidvik er under 1000. 7. Det er ikkje konkrete etableringsplanar for offentleg slamavskiljar i området. Etter dialog med Sykkylven Energi blir det akseptert at det kan etablerast privat samavskiljar innanfor planområdet. Det er rekjkjefølgjekrav at når offentleg avløpsløysing er på plass så må området knytast til dette. 8. Kommunen tar dette til vitande. |
| Statens vegvesen (SVV) | SVV sitt innspel om å utvikle planområdet for å kunne planlegge for å etablere g-s veg frå den kommunale vegen, Kursetstrand til fv.5914 er ikkje tatt til følgje. I standen regulert ein tursti frå leikeplassen som koplast til ein eksisterande sti i området. SVV er positiv til snarvegar, men dette er ei løysing som ikkje tener alle og ikkje blir open heile året. I tillegg går den over anna manns grunn som ikkje er like interessert i å ha auka ferdsel over sin eigedom. Ein må sikre ei universelt utforma tilkopling til det offentlege vegnettet i området slik at trafikktryggleiken og framkome, for særleg born og unge blir sikra. | Standarden på turvegen som skal etablerast gjennom leikeområdet og koblast på eksisterande traktorveg/gardsveg her heva noko sidan 1.gongs høyring. Det blir likevel ikkje ein universelt utforma gang- og sykkelveg fram til offentleg vegnett. Eigedomen som er høgareliggende der gardsvegen fortsett, er foreslått som bustadareal i ny kommuneplanens arealdel. Det blir her naturleg å sette krav om ein videreføring og oppgradering av gardsvegen som koblar seg til offentleg vegnett. |
| NVE | Grunnforhold: | <p>Grunnforhold</p> <ol style="list-style-type: none"> 1. Takast til vitande |

| | | |
|--|--|--|
| | <p>1. ERA geo rapport 13.06.2023 vurderer at det ikkje er fare for områdeskred av kvikkleire i planområdet. NVE har ikkje utfyllande merknader.</p> <p>Flaum og erosjon</p> <p>2. Flaumsonekartlegging Raudåå NVE rår Sykkylven kommune til å rydde i forholda som blir omtalt før slutthandsaming av planen knytt til kartlagde kritiske punkt og formulering om henvisning til rapporten i føresegnehene om flaum.</p> <p>Overvatn</p> <p>3. I framlegget til føresegner der det sett krav om lokal handtering og sikra mpt auka avrenning som konsekvens av planlagt utbygging.</p> <p>Flodbølge fjellskred</p> <p>4. Delar av planområdet er utsett for fare for oppskylling av flodbølgje som sekundær verknad av fjellskred i Åkneset. Oppskyllingshøgde er lågare enn framtidig stormflo medrekna framtidig havnivåstigning som er regulert med omsynssone flaumfare H320_2 i framlegg til plankart. Det er lite vurderingar i planomtale og ROS-analyse om kva vurderingar som er gjort for denne faretypen.</p> <p>NVE gjer merksam på at flodbølgje som sekundær verknad av fjellskred vert rekna som ei skredhending med andre krav til gjentaksintervall enn dei som gjeld for flaumhendingar. Det er difor ikkje heilt korrekt å</p> | <p>Flaum og erosjon</p> <p>2. I føresegnehene om opparbeiding av vegen f_V1 så er det satt krav at det kritisk punktet som omtalast i fagrapporten der bekken kan ta eit nytt løp, blir utbetra.</p> <p>Overvatn</p> <p>3. Takast til vitande</p> <p>Flodbølge fjellskred</p> <p>4. Det er i føresegna under omsynssoner lagt inn eit eige punkt som omtalar sekundærverknad for skred og kotehøgde for tryggleiksklasse 2. Det er valgt å ikkje vise denne omsynssona i kartet. I planomtalen punkt 8.14 ROS er det utgreiia nærmare om sekundærverknad skred.</p> <p>Vassdragsmiljø</p> <p>5. Veknader for Raudåå ift. ålmenne interesser i vassdrag og vassressursløva § 5 er omtalt i planomtalen punkt 8.6.</p> <p>6. Forslagsstillar/plankonsulent melder inn flaumrapporten og kommunen melder inn grunnundersøkingane i NADAG.</p> |
|--|--|--|

| | | |
|------------|---|--------------------|
| | <p>legge slik fare under omsynssone flaumfare utan nærmere vurderinger om ei eventuell flodbølgje vil kunne samanliknast som ei flaumhending. NVE rår til at plandokumenta gjere denne skilnaden meir tydeleg.</p> <p>Vassdragsmiljø</p> <p>5. NVE vurderer at omsyn til kantvegetasjon er tilstrekkeleg sikra i samsvar med vassressurslova § 11. Slik vi les planframleggget er det heller ikkje opna for andre tiltak i vassdraget, men vi saknar at eventuelle tiltak i eller ved vassdraget er vurdert i høve til allmenne interesser i vassdrag og vassressurslova § 5. NVE rår til at plandokumenta blir oppdatert med slike vurderingar.</p> <p>6. NVE ynskjer tilgang til alle flaum- og skredfareutgreiingar, både rapportar og eventuelle kartlagde faresoner. Informasjonen som NVE får inn, vil bli brukt til å oppdatere farekarta i NVE Atlas og det offentlege kartgrunnlaget (DOK). Kommunen kan bidra til dette ved å melde inn sjølv, eller oppfordre forslagsstillar til å melde inn naturfareutgreiingar til NVE via Altinn. Vi oppfordrar også til å melde inn grunnundersøkingar til NADAG. Det er meir informasjon om innmeldingsløysinga her.</p> | |
| Kystverket | Reguleringsplanen med tilhøyrande føresegner slik den er vist på kartskissa over synest føremålstenleg og vil ikkje få innverknad på statlege farvatn, Kystverket sine anlegg og installasjonar eller andre omsyn Kystverket varetek i medhald av hamne- og farvasslova. Kystverket sine innspel til oppstart | Takast til vitande |

| | | |
|--------------------|---|---|
| | av planarbeidet er teke til følgje. Kystverket har såleis ut frå sitt sektoransvar ikkje vesentleg å merke til planframleggget. | |
| Bjørn Idar Lyngvær | Det er planlagt 3 påkjørsler fra bygg på nedsida av kommune vegen. Vi mener dette er uheldig og at det vil skape trafikale problem, spesielt om vinterferien. Vi ber om at tiltakshaver endrer planen og at kommunen tillater kun en påkjørsel til kommuneveien. Det er rikelig med areal på tiltakshaver sitt område til å lage veg føring til alle bygga på eigen grunn | Ein held på dei tre avkøyrslene som er lag inn i planen. Kommunen ser fordelen med å avgrense det til ei avkørsle til fritidsbustadane, men det er plassutfordringar med ei slik løsing knytt til parkering ved fritidsbustadane, noko som løysast betre om to og to fritidsbustadar har felles avkørsle. |
| Tove Utgård | <p>Bra det er berre ei avkøyring ned til kommunal veg frå bustadfeltet.</p> <p>Kommunen eller ProESS vil ikkje trygge og legg til rette for trygt miljø for dei som allereie bor langs Kursetstrandvegen. Spesielt mjuke trafikantar. Må komme gang- og sykkelveg frå Fishtec og til Kursetstranda 2 før bygging av bustad/fritidsbustad</p> <p>Trafikken estimert i reguleringa er underestimert. Planen seier 25 bustader/fritidshus langs kursetvegen i dag. Ein finn minimum 60 naust/rorbu/fritidseigedom/bustadhus lang kursetstrandvegen. Svært få rorbu/naust tilhøyt dei som bor langs vegen.</p> <p>Heile Kursetstrandvegen ligg i strandsone med mange moglegheiter for ålmenta for tur, fisking, dykking. Mange forskjellige grupper bruker vegen. Både mjuke trafikantar og køyrande til og frå privateigedomane og tyngre køyretøy til næringsbedrifter. Det er vanskeleg for mjuke trafikantar å ha ein stad å gjøre av seg når køyretøy kjem. Spesielt vinterstid</p> | <p><i>Mjuke trafikkantar, trafikk og fortau</i></p> <p>Ved 1. gongs politiske behandling så vart det gjort vurdering at med trafikkmengda Kursetvegen har i dag så var det ikkje behov for etablering av fortau, men at det i framtida kunne blir behov for dette. Det vart difor regulert inn fortau langs kommunevegen innanfor planområdet, men det vart ikkje satt krav at dette skulle vere etablert før utbygginga kan starte. Kommunen vurderer at denne reguleringa ikkje utløysar eit behov for eit heilheitleg fortausprosjekt. Om det blir bestemt at fortau skal byggast i framtida, så må utstrekninga mot sør og nord for dette fortauet vurderast. Det er naturleg å gjøre i ein eigen reguleringsprosess.</p> <p>Utbetring av rekksverk langs kommunal veg ved Raudåna må evt gjerast utanom reguleringsprosessen. Uteseksjonen er informert om merknaden.</p> <p>45 bilturar per døgn for 9 bustader er i øvre sjiktet frå erfaringstall frå Statens vegvesen si handbok V713. Den reknar 2,5-5 bilturar per døgn. Sidan dette er einebustadar utan det beste kollektivtilbodet så vil ei berekning av 5 bilturar vere ein realistisk vurdering.</p> <p><i>Avkøyrsler til fritidsbustadar</i></p> <p>Ein held på dei tre avkøyrslene som er lag inn i planen. Kommunen ser fordelen med å avgrense det til ei avkørsle til fritidsbustadane, men det er plassutfordringar med ei slik løsing knytt til parkering ved</p> |

| | |
|---|---|
| <p>Viser til at det er berekna 45 bilturer ekstra på vegen per dag frå dei 9 nye bueiningane. Meiner dette må doblast for dei skal tilbake også.</p> <p>Samla sett meiner Tove Utgård at trafikken aukast betydeleg på denne strekninga og at tryggleik og helse takast på alvor før noko alvorleg skjer.</p> <p>Synes det er flott med ny tilvekst til bygda, men det må ikkje gå utover mjuke trafikantar.</p> <p>Utbetring av rekksverk til Raudåna: Elva kan vere ein stille bekk og bli til ein skremmande foss. Rekksverket er det ikkje sagt noko om. Trur det skisseres at det er lavt og det kan vere fare for å dette i elva. Håper kommunen kan prioritere dette rekksverket.</p> <p>Planbeskrivelse side 14:</p> <ul style="list-style-type: none"> - Her ser vi at det er tre veger opp til Kommunal veg – her burde det bare være en veg – ein parkeringsplass for alle (kjøre til FB for av- og pålasting og så parkert ved parkeringsplass - kommunal lader for el-bil på evt. parkeringsplass - Hvor skal de som eier de to eksisterende nausta (og som det står også kan bygge ett hver i tillegg) parkere? <p>6.11 Uteoppholdsareal:</p> <p>blir nevnt kort veg og ny sti til ballbinge Her må fylkesveg ved nedlagte skolen krysses, For å komme til aktivitetsparken, Montessoriskole, barnehage må også fylkesveg krysses det er ikke</p> | <p>fritidsbustadane, noko som løysast betre om to og to fritidsbustadar har felles avkørsle.</p> <p><i>Parkering eksisterande naust</i></p> <p>Forslagsstilla opplyser om at dei to eksisterande nausta som i dag ligg i området var etablert på eit tidlegare tidspunkt utan krav til parkering. Dei finn det vanskelig å legge til rette for parkering for desse innanfor planområdet. Dei oppmodar likevel eigarane om å sikre privatrettslege avtalar for å sikre nausta parkering i nærleiken til eller i planområdet.</p> |
|---|---|

| | | |
|--|---|--|
| | trygge veier for barn til lekeområder i Hundeidvik per i dag. Veldig bra at det bygges et internt lekeområde i byggefeltet. | |
|--|---|--|